



*Grov gran i eldre granskog*

*Foto: J.G. Brynjulvsrud*

---

---

## Høyring av verneplan for skog – framlegg om vern av Sandvika naturreservat

Fyresdal kommune

---

---

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark –  
februar 2019

# Høyring av verneplan for skog – framlegg om vern av Sandvika naturreservat

## Fyresdal kommune

| <b>Innhald</b>                                  | <b>side</b> |
|---|-------------|
| 1. Bakgrunn .....                               | 2           |
| 2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern ..... | 2           |
| 3. Heimelsgrunnlag .....                        | 2           |
| 4 Saksgang.....                                 | 3           |
| 5. Verneplanen sitt omfang .....                | 6           |
| 6. Faktark .....                                | 7           |
| 7. Framlegg til verneforskrifter.....           | 8           |
| 8. Kart over området.....                       | 15          |

## 1. Bakgrunn

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark sender med dette på høyring framlegg til vern av Sandvika naturreservat i Fyresdal kommune.

Bakgrunnen for framlegget er eit tilbod frå grunneigar i området om frivillig vern av skog. Tilbodet kom i 2017 gjennom AT Skog SA. Det er gjort registreringar av naturverdiane i området i 2017 som dokumenterer verdier som kvalifiserer for vern etter naturmangfoldloven.

## 2. Om verneplanarbeidet og frivillig vern

Meld. St. 14 (2015 – 2016) *Natur for livet* legg opp til ei vidareføring av det langsiktige arbeidet med skogvern, mellom anna auka frivillig skogvern. Under handsaminga av meldinga bad Stortinget regjeringa sette mål om vern av både offentleg eigd skog og frivillig vern av privateigd skog til 10 % av skogarealet i landet. Naturfaglege evalueringar som ligg til grunn for prioriteringane i skogvernarbeidet er «*Evaluering av skogvernet i Norge*», NINA rapport 54/2002 og «*Naturfaglig evaluering av norske verneområder*», NINA rapport 535/2010.

Ved frivillig skogvern gir grunneigarane fylkesmennene tilbod om vern av aktuelle område. Det blir gjort naturfaglege registreringar og utarbeidd skogtakster for dei områda der det trengst. På grunnlag av tilbod og dei naturfaglege registreringane utarbeider Fylkesmannen framlegg til avgrensing av verneområdet. På grunnlag av tilbod og mal for verneforskrift for naturreservat utarbeider Fylkesmannen framlegg til verneforskrift som blir sendt til grunneigarane for kommentarar. Miljødirektoratet utpeikar ein skogsakkyndig som får i mandat å forhandle med grunneigarane eller grunneigarane sin representant. Ved semje blir det utarbeidd avtale der erstatningssum, framlegg til verneforskrift og avgrensing av verneområdet blir avklart.

Det vanlege er at når staten og grunneigar er einige om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneframlegget likevel gjennomførast før avtale er signert. Frå avtaletidspunkt og fram til vernevedtak gjeld ei vederlagsordning. Utbetaling av erstatningsbeløp skjer når vernevedtaket er fatta.

## 3. Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) jf. §§ 33 – 51. I naturmangfoldloven er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven, jf. § 37, vil bli bruka for denne verneplanen for skog på privat grunn.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter § 37 i naturmangfoldloven, som lyder slik:

” Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenoppettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenoppettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til områdets skjøtsel.”

## 4. Saksgang

Formell start på verneplanarbeidet for Sandvika naturreservat vart meldt 20. november 2018.

Det kom følgjande merknader i meldingsfasen:

Språkrådet (brev dagsett 28.11.2018) tilrår skrivemåten Sandvika.

Forsvarsbygg (brev dagsett 15.12.2018) uttalar at: «Områdene som er foreslått vernet berører ikke Forsvarets anlegg eller eiendommer. Vi ber imidlertid om at unntaksbestemmelse for militær operativ virksomhet og avgang og landing med Forsvarets luftfartøy, inntas i verneforskriften.»

Luftfartstilsynet (e-post dagsett 11.12.2018) uttalar at: «Luftfartstilsynet forstår at det er tidlig i prosessen, og vi kan ikke se at det er utarbeidet et utkast til forskrift om vern etter naturmangfoldloven.

Luftfartstilsynet er kjent med at det i noen tidligere verneforskrifter har blitt fastsatt bestemmelser om minstehøyder på 300 meter. Vi ønsker derfor å orientere om noen konsekvenser som bestemmelser om minstehøyder kan ha for luftfartøyer som opererer etter visuelle flygeregler (VFR). Dette gjelder først og fremst småfly- og helikoptertrafikken.

*For det første vil en verneforskrift med minimumshøyder kunne være et unntak fra alminnelige lufttrafikkregler som det er vanskelig for piloter å orientere seg om. Etter lufttrafikkreglene skal flygninger etter visuelle flygeregler utenfor tettbygde områder normalt ha en høyde på minst 150 meter over høyeste hindring når det ikke er nødvendig å gå lavere ifm. landing. Dette følger av det europeiske lufttrafikkregelverket (forordning (EU) nr. 923/2012, i bestemmelsen SERA.5005 bokstav f punkt 2), som er gjennomført i norsk rett ved forskrift om lufttrafikkregler og operative prosedyrer (BSL F 1-1). Ved å følge de alminnelige lufttrafikkreglene vil en pilot derfor risikere å overtre en verneforskrift etter naturmangfoldloven som krever en større høyde over bakken.*

*Dette vil kunne utgjøre et problem for piloter som ikke kjenner til vernevedtaket, og kanskje spesielt for utenlandske piloter. Minstehøyder som følge av verneforskrifter har, så vidt vi kjenner til, blitt publisert på en annen måte enn luftromsrestriksjoner etter luftfartsregelverket. Innen luftfarten brukes det internasjonalt standardiserte AIP-verktøyet (Aeronautical Information Publications).*

*For det andre kan verneforskrifter med krav om minstehøyder over 150 meter innebære at flyging over verneområdet ikke er praktisk mulig for VFR-trafikk deler av tiden. På grunn av sikkerhetskrav i det flyoperative regelverket vil det ikke alltid være forsvarlig å holde en høyde på 300 meter over bakken. Dette er f.eks. tilfelle når det er lavt skydekke. Om det er mulig å fly i området vil være avhengig av omgivelsene og muligheten til å fly alternative ruter, dvs. av terrenget og reguleringer av luftrommet i nærheten av verneområdet.*

*Vi viser avslutningsvis til at tilgang til luftrom er et tema i Samferdselsdepartementets strategi for småflyvirksomheten fra august 2017 (se <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/strategi-for-smaflyverksemda-i-noreg/id2568923/>). Luftfartstilsynet har ikke oversikt over hvilke interesser småflymiljøet har i områdene som høringen gjelder, eller hvilket omfang trafikken der har. Det vil kunne endre seg over tid. Vi anbefaler at Fylkesmannen tar kontakt med Norges Luftsportforbund hvis dere har spørsmål om aktiviteten i området.»*

Statnett (brev dagsett 05.12.2018) har ingen merknader til dette området.

Statens vegvesen Region Sør (brev dagsett 07.01.2019) har ingen merknader.

Direktoratet for mineralforvaltning DMF (brev dagsett 07.01.2019) uttaler at ein ikkje kan sjå at det føreslegne planområdet kjem i konflikt med registrerte mineralressursar av regional eller nasjonal verdi eller masseuttak. DMF har derfor ingen merknader til varselet om start av verneplanprosessen.

NVE (brev av 10.01.2019) opplyser i si fråsegn at det ikkje finnest konkrete planar for regional- eller sentralnett i dette området som NVE kjenner til. Men NVE har generelt ikkje nettselskapa sine planar for distribusjonsnett. Det er derfor viktig at områdekonsesjonærar og



Statnett vurderer om vernet vil koma i konflikt med eksisterande eller planlagde energi- og kraftanlegg.

NVE har avdekka mogleg konflikt ved at Sandvika grensar ned mot reguleringsmagasinet Napevatn og uttalar at : *«NVE oppfatter at regjeringens mål om å verne ti prosent skog kan legge begrensninger på fremtidige muligheter for å endre disponering av eksisterende magasiner. For tiden foreslås det flere verneområder som grenser helt ned til høyeste reguleringsvannstand (HRV) for eksisterende magasiner.*

*Som konsekvens av endret tilsig på grunn av klimaendringer, økende verdi av regulerbar kraft og etterspørsel etter systemtjenester kan det bli aktuelt å bygge om eksisterende kraftverk med tilhørende reguleringsmagasiner i fremtiden.*

*Napevatn er inntaks- og hovedmagasin for Fjone kraftverk. Kraftverket har installert effekt på 50 MW og produserer ca. 130 GWh per år. Napevatn har god reguleringskapasitet. Dette gjør kraften fra dette kraftverket mer verdifull, og NVE forventer at verdien av regulerbar kraft vil øke i fremtiden. Kraftverket har utløp i et større reguleringsmagasin, og det kan innebære en mulighet for å levere systemtjenester til kraftnettet uten store miljøkonsekvenser på grunn av vannføringsvariasjoner nedstrøms. NVE forventer at behovet for systemtjenester vil øke i fremtiden.*

*Fjone kraftverk eies av Skagerak Kraft. Skagerak kraft opplyser at de ikke har umiddelbare planer om ombygging av Fjone kraftverk, men NVE vil likevel ikke utelukke at det kan bli aktuelt å bygge om kraftverket i fremtiden, på en måte som gjør at det kan bli aktuelt å heve reguleringsvannstanden i magasinet.*

*NVE foreslår at det enten vurderes en buffersoner ned mot magasinet, som tar høyde for mulige fremtidige ombygginger av Fjone kraftverk, eller at det vurderes om verneforskriften bør utformes slik at en ikke utelukker muligheten for å heve vannstanden i Napevatn i fremtiden.»*

### Fylkesmannen sine merknader til innkomne fråsegner

Når det gjeld fråsegna frå Forsvarsbygg, så har vi teke inn i forskrifta både formuleringane som det vert bede om i § 6, og gjort unntak for landing og start med Forsvaret sine luftfartøy i § 6 d).

Luftfartstilsynet peikar på ulemper med minstehøgder for lågtflyging. Det vert ikkje gjort framlegg om forbod mot lågtflyging i dette reservatet. Det er ikkje vanleg lenger å ha med reglar om lågtflyging i eit skogreservat. Norsk Luftsportforbund er teke med på adresselista vår under høyringa.

NVE peikar på moglege konfliktar i framtida dersom regulanten av Napevatn skulle få løyve til auka reguleringshøgde. Det er rett at vi har planlagt at vernet skal gå til HRV i Napevatn. Sidan det ikkje finnest konkrete planar om endra reguleringshøgde på dette magasinet, ser vi ikkje noko grunnlag for å ta inn særskilte reglar om dette i forskriftene. Vi viser elles til § 8 i verneforskriftene, jf. § 48 i naturmangfoldloven.

## Vidare sakshandsaming

Verneframlegget med skildring av området, vernekart og framlegg til verneforskrift blir sendt på ei felles sentral og lokal høyring med frist **25. april 2019**.

Føremålet med høyringa er å få fram opplysningar om interesser som kan bli råka av det planlagde vernet.

Etter høyringa vil Fylkesmannen summere opp innkomne fråsegner, kommentere desse og utarbeide ei tilråding om vern til Miljødirektoratet. Direktoratet vil etter dette lage innstilling til Klima- og miljødepartementet og vedtak om vern blir gjort ved kgl. res av Kongen i statsråd.

## 5. Verneplanen sitt omfang

| Namn                   | Kommune  | Tal på grunneigarar | Totalareal | Verneverdi                |
|------------------------|----------|---------------------|------------|---------------------------|
| Sandvika naturreservat | Fyresdal | 1                   | 1 987 daa  | (*/**) lokal til regional |



*Kvit vedkorallsopp *Lentaria epichnoa**

*Foto: J.G. Brynjulfsrud*

## 6. Faktaark

|                   |                          |
|-------------------|--------------------------|
| LOKALITET:        | <b>Sandvika</b>          |
| KOMMUNE:          | <b>Fyresdal</b>          |
| FYLKE:            | <b>Telemark</b>          |
| VERNEKATEGORI:    | <b>Naturreservat</b>     |
| AREAL:            | <b>1 987 daa</b>         |
| HØGDE OVER HAVET: | <b>512 - 975 m o. h.</b> |
| EIGEDOM:          | <b>Gnr./bnr.: 29/2</b>   |

### GENERELT

I dette avsnittet er mellom anna såkalla «raudlista» arter omtala. Det er arter som er sjeldsynte og som er gjevne ulik status etter kor stor fare det er for utrydding. Status er henta i Raudlista 2015 frå Artsdatabanken. EN = truga av utrydding, VU = sårbar, NT = nær truga, der «truga av utrydding» er mest truga og «sårbar» er meir sjeldan enn «nær truga».

### SKILDRING AV OMRÅDET

Området utgjer eit areal på omlag 2008 daa og omfattar Kråknuten og Hokås med tilhørende koller og lisider på nordsida av Russvatnet i Fyresdal kommune. Russvatnet er ein del av Napevatn som er eit reguleringsmagasin med HRV 512 m o.h.

Området har forholdsvis variert topografi som omfattar koller, sør-, søraust- og sørvestvendte lisider, myrflater, bakkemyr, bergvegger og sva. Framlegg til verneverdig område følgjer tilbode areal og området er avgrensa på ein måte som fangar opp dei påviste naturverdiane i undersøkingsområdet. Arronderinga famnar om kjerneområda og fangar opp lisodegradienten på ein god måte. Arronderinga blir difor vurdert som god. Det er registrert fire kjerneområde innanfor verneframlegget.

Berggrunnen i området er i hovudsak augegneis, granitt og foliert granitt, men fleire gangar med gabbro og amfibolitt går gjennom området. Lausmassane er i hovudsak morene-materiale.

Området ligg i overgangen mellom mellomboreal og nordboreal vegetasjonssone i O2-klart oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998).

### VEGETASJON, SKOGSTRUKTUR OG PÅVERKNAD

Området vert dominert av fattige vegetasjonstypar i skog, men i austre delar av det undersøkte området er det nokre mindre, sørvendte parti med litt rikare vegetasjon av type svak lågurt, der det førekjem måteleg krevjande arter som kranskonvall, hengjeaks og vendelrot. I dei same lisidene finst parti med rasmark og blokkmark dominert av lauvtre som bjørk, selje og osp og innslagsvis hassel. Furu dominerer på kollene og i dei høgareliggjande flatene, vidare store deler av lisidene og Hokås i sør, men det er og ein god del parti med dels mykje gran og osp. I store delar av desse lisidene er det god bonitet. Gran er det dominerande treslaget aust for Hokås, men det er og ein del furu og osp i desse områda. Det meste av vegetasjons-



variasjonen finst langs tørr-frisk-gradienten, og dominerande vegetasjonstypar er blåbær-bærlyngskog, men det er og eit visst innslag av fattige myrflater og bakkemyrer.

Eldre barskog dominerer det undersøkte området. Forholdsvis store areal i aust og vest har god bonitet og ein del grove bartre, særskilt gran, men og nokre grove furutre. Til tross for at eldre skog dominerer store delar av undersøkt område er det få areal med særskilt gamal skog. Til eksempel vart ei gran med brysthøgdediameter på ca. 50 cm, aust i kjerneområde 1, bora og berekna til ca. 140 år, og furu med brysthøgdediameter på ca. 50 cm sentralt i området på kolle, bora og berekna til ca. 130 år. Til tross for moderat alder på skogen, samt store areal med liten aldersvariasjon på skogen, er det betydelege areal med skog som nærmar seg samanbrottsfase, og kjerneområde 1 og til dels kjerneområde 2 kan reknast som gamalskog. Daud ved finst spreidd i området og på kollane er det innslag av furugaddar, men dei høge førekomstane av daud ved er knytt til kjerneområda.

## VERNEINTERESSER

Det påviste artsmangfaldet er nokså fattig og få krevjande arter vart registrert under synfaringa. Det er likevel eit potensial for krevjande arter knytt til daud ved, særskilt innafor artsgruppene sopp og insekt. Det vart påvist tre raudlista arter under feltundersøkinga; gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT), mørk brannstubbela *Carbonicola myrmecina* (VU) og kvit vedkorallsopp *Lentaria epichnoa* (NT).

Området vert vurdert som lokalt til regionalt verneverdig (\*-\*\*) men som følgje av at dei faktiske påviste naturkvalitetane avgrensar seg til relativt små arealandelar av verneframlegget oppnår området i utgangspunktet berre status lokalt verneverdig (\*). Det bør likevel leggjast vekt på at forholdsvis store areal med furuskog er nær samanbrottsfase noko som på lengre sikt vil utvikle habitatkvaliteter for arter knytt til daud ved og kontinuitet. Ein del av denne furuskogen står dessutan på høgbonitet blåbærmark, og eldre furuskog på høgbonitetsmark er sjeldan i regionen.

Området oppnår middels grad av mangeloppfylling som følgje av at fire kjerneområde som omfattar totalt ca. 108 daa er gamal låglandsgranskog. Gamal granskog har middels udekt vernebehov i Telemark. I tillegg er det ca. 340 daa middels- høgbonitetsskog med ein betydeleg del furuskog. I underkant av 40 daa av dette arealet er avgrensa som naturtypen gamal furuskog. Eldre furuskog på høg bonitet er sjeldan i regionen.

Området er vurdert til å vera lokalt til regionalt verneverdig (\*\*/\*).

## FØREMÅL

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av skogtypar som gamal låglandsgranskog og med ein betydeleg del furuskog i samanbrottsfase.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomsten av eldre barskog på høg bonitet og førekomst av sjeldne og truga arter knytt til daud ved.

**ANDRE INTERESSER**

Ingen kjende.

**TEKNISKE INNGREP**

Området har ingen inngrep og står fram som eit svært urørt område. Langs Russvatnet i austre del av lokaliteten er det restar etter ein gamal kjerreveg av stein og blokk.

**PLANSTATUS**

Arealet er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel.

**MERKNADER**

Ingen merknader.

**SKOGBRUKSOPPLYSNINGAR\***

| Namn                   | Total-areal | Produktivt areal i daa |     |     |      | Anna areal i daa |     |      |       | Tilvekst            | Volum          |
|------------------------|-------------|------------------------|-----|-----|------|------------------|-----|------|-------|---------------------|----------------|
|                        | daa         | H                      | M   | L   | Sum  | Myr              | Imp | Vatn | Fjell | m <sup>3</sup> /daa | m <sup>3</sup> |
| Sandvika naturreservat | 2023        | 11                     | 572 | 943 | 1526 | 57               | 181 | 42   | 216   | 0,17                | 16 428         |

\* Data frå AT Skog SA

**LITTERATUR****Referanse:**

*Brynjulvsrud J. G. 2018. Naturverdier for lokalitet Kråknuten, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2017. NaRIN faktaark. BioFokus.*

<http://borchbio.no/narin/?nid=6211>

## 7. Framlegg til verneforskrifter

---

### Kommentarar til forskriftene

#### Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

Definisjon på større arrangement er omlag 30 deltakarar. Er det fleire deltakarar må det søkjast om løyve, og då kan forvaltningsstyresmakta vurdere dette i høve til § 7 pkt. e.

#### Motorferdsel

Motorferdsel er forbode etter § 5 pkt. a. Det er nokre generelle unntak i § 6 og det kan gjevast dispensasjon etter søknad etter reglane i § 7.

I tillegg gjeld lov om motorferdsel i utmark, det vil seia at kommunen og grunneigar må gje løyve til motorferdsel på vanleg måte.

#### Bruk av hest og kjerre og riding

Det er vanleg at bruk av hest og kjerre og riding er forbode utanfor vegar. Jf. § 5 b).

#### Bruk av sykkel.

Verneforskriftene er ikkje til hinder for sykling på vegar og stigar i tråd med frilufslova. Vi er ikkje kjent med at det er stigar i dette området.

#### Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdelsvegar.

Det kan etter søknad gjevast dispensasjon etter § 7 pkt. a til rydding og vedlikehald av eksisterande stigar, løyper og gamle ferdelsvegar. Dette er ein standard regel vi har med i alle verneforskrifter, og som kan nyttast dersom det viser seg å vera stigar ein ikkje har kjent til ved vernet.

#### Brenning av bål.

Det er vanleg at det er opna for brenning av bål i store reservat (grense på om lag 700 til 1 000 daa. Ein må då nytte tørrkvist, helst frå bakken, eller bruke ved ein har med seg. Det er ikkje lov å felle eller hogge opp daude trestubbar eller læger.

## Forskrift om vern av Sandvika naturreservat i Fyresdal kommune i Telemark fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon .... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

### § 1 Føremål

Føremålet med naturreservatet er å taka vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av skogtypar som gamal låglandsgranskog og med ein betydeleg del furuskog i samanbrottsfase.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomsten av eldre barskog på høg bonitet og førekomst av sjeldne og truga arter knytt til daud ved.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

### § 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar delar av følgjande gnr./bnr.: Fyresdal: 29/2

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 1 987 dekar.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk .....datert Klima- og miljødepartementet ... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Fyresdal kommune, hos Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### § 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen foreta seg noko som vil skade verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.

- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige uroing. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Området er verna mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert forureining, dumping av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmende.
- d) Bruk av naturreservatet til idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

#### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Beiting.
- c) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f) Forsiktig rydding av småbuskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- g) Utsetjing av saltsteinar.
- h) Brenning av bål med tørrkvist eller ved ein har med seg i samsvar med gjeldande lovverk

#### **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og taka omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
- b) Bruk av hest og kjerre og riding er forbode.

#### **§ 6 Generelle unntak frå reglane om ferdsel**

Reglane om ferdsel i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og



gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Reglane om ferdsel i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Kjøretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før transporten tek til.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekjøretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

### **§ 7 Unntak det kan gjevast løyve til**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stigar og gamle ferdselsvegar.
- c) Hogst av etablerte plantefelt.
- d) Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnde i § 3 d.
- f) Mellombels gjerding i samband med beiting.
- g) Øvingskøyning for formål nemnt i § 6 første ledd.
- h) Uttransport av felt elg og hjort med anna kjøretøy enn lett beltekjøretøy som nemnt i § 6 andre ledd b.
- i) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 g og § 7 a, c, d og f.

### **§ 8 Generelle reglar for dispensasjon**

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

### **§ 9 Skjøtsel**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta fastset, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

### **§ 10 Forvaltingsplan**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11 Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

### **§ 12 Iverksetjing**

Denne forskrifta tek til å gjelda straks.

## 8. Kart over området

